

Referat frå styremøte i Luster hundeklubb på Nes 13.10.2011

Til stades: Helge, Inger, Mona L, Asbjørg og Eva. Ann Kristin hadde meldt frafall då ho var på ferietur.

Møtet starta 19.30 – Inger hadde med eplemuffins og Asbjørg kaffi

Generelt:

Klubben har no heile 74 medlemmer – noko som er veldig bra!

Så langt har 19 kvelpar vore på kvelpesosialisering med Inger i løpet av eit år – noko som er like bra.

Sak 1 – prøvar 2012:

Ettermiddagsprøve – prøveansvar Inger med Eva som medhjelpar

Fortun-prøven – me ventar enno på tilbakemelding frå Andreas og Torill

Juni-prøven – me manglar prøveansvarleg. Helge spør Ronny og Ann Kristin

Det bør vera minimum 14 dagar mellom kvar prøve!

Inger legg prøvane inn i NKK's database seinast 30 oktober.

Sak 2 – aktivitetar i vinter:

Medlemsmøte med tema trening av hund måndag 17. oktober.

Ansvarleg Inger.

Asbjørg meldte seg frivillig til å stille med kake og kaffi/saft ☺

Jolemøte – fredag 9. desember

Me bestiller pizza og lyt derfor ha påmelding. Asbjørg tek i mot påmelding.

Alle tek med ein gjenstand til ca. kr. 50 til utlodding – eller betalar kr. 50 for dekking av mat.

Inntekt på utlodding går til dekking av mat og premiar til jolequiz.

Inger ordnar med quiz og har ansvar for tema for kvelden som er fôring av hund.

Det vert i år individuell premie – quiz-boka til ein verdi av kr. 249.

Dersom to sit att med same poengsum – vert det trekking. Marsipangrisar til dei andre.

Årsmøte i februar med jubileumsmiddag

Då me ikkje har fått til nokon jubileumsmiddag så langt, vert den utsett til over nyttår.

Asbjørg og Eva melde seg frivillig til å sjå på stader me kan vera og kjem attende med meir informasjon.

Valnemnda er sett i arbeid og har fått tilsendt oversikt over kven som er på val (Inger + Asbjørg + begge vara og valnemnd) pluss medlemslister.

Sak 3: Nes – status:

Dette manglar:

- 1: Gang-grindene må få ei løysing
- 2: Løysinga må vera på plass før ein set opp stolpar til gang-grindene
- 3: Stolpane må vera på plass før me set opp resten av overtråden.

Helge ser på løysing av gang-grinder i løpet av vinteren slik at neste dugnad vert vår 2012.

Det må vera ein dugnad med opprydding av alt utstyr inkludert gjerdemateriale før snøen kjem. Agility-utstyr skal me få lagra i campinghytte og på veranda – men dette må avtalast med eigar. Dersom nokon har plass til noko utstyr inne der det er råd å få til felles trening i løpet av vinteren, er dette positivt. Inger tek LP-hinderet heim for fellestrening i fjøsen der.

Sak 4: Ny web-master – status:

Helge informerte. Stine og Ronny ser på saken – men ingen ting er avklara enno. Helge held kontakten. Gisle har trekt seg som webansvarleg.

Sak 5: Utgifter og inntekter av aktivitet i klubben/grupper

Danning av grupper og fordeling av aktivitet vert ei årsmøtesak. Det er viktig at me er ein klubb – Luster hundeklubb! Etter kvart som me vert fleire medlemmer og aktiviteten er stigande, er det lurt å ha undergrupper med ansvar for sitt interessefelt. Då trur styret at me får eit meir smidig system og meir aktivitet. Styret ser på løysingar og legg framlegg til organisering/kostnadsdeling mm. fram på årsmøtet 2012. Samstundes oppfordrar styret eksisterande interessegrupper om å starta å tenkje på framtidig organisere for å få til aktivitet i løpet av 2012. Kvar gruppe må ha ein kontaktperson mot styret og bør ha eit forslag til budsjett og aktivitetsplan. Me ber aktuelle grupper om å senda inn framlegg til organisering, budsjett og aktivitetsplan minst 14 dagar før årsmøtet, noko som er frist for å senda saker og framlegg til nye styremedlemmer, til årsmøtet.

Sak 6: Diverse:

Bilder av klubbmeistrar 2011: Inger lagra klar bilda med namn og bestiller bilder og rammer hjå eurofoto. Vinnarane får også tilbod om å kjøpa bildet sjølve.

Klipping av Nes 2011: Mona L snakkar med Harald Leirdal for å få rekninga tilsendt/betalt i 2011.

Bord til veranda og møblar til huset: Har nokon eit lett campingbord som dei vil verta kvitt? Eller hybelkjøkken, kjøkkenskap osv?

Møtet vart avslutta 20.55 Ref: Inger